



Notat

Dato: 18.11.2016
Arkivsak: 2016/412-37
Saksbehandlar: rolrose

Til: Utvalet for miljø og samferdsel

Frå: Fylkesrådmannen

Tiltak på Rv13 ved Berget i Ullensvang

På møte i utvalet for miljø og samferdsel den 6. september 2016 stilte representanten Marthe Hammer (SV) slike spørsmål.

«Trafikkaos og trafikklys - Berget / Ullensvang

Det har i sommar vore fleire hendingar med langvarig kork på RV 13 i Ullensvang. Vegen er ikkje god nok til å ta trafikkauken som sommartrafikken gjev.

Spørsmål til samferdselsdirektør/fylkesrådmann: Vil HFK be

a. Statens vegvesen (SVV) gjere greie for tiltak på kort og lengre sikt som kan gje god bruksveg på traséen til RV 13?

b. SVV og Ullensvang kommune om uttale for om trafikklys kan vere tenleg på dei verste strekka, t.d. Berget?

Fylkesrådmannen har følgjande kommentarar til spørsmålet.

I gjeldande handlingsprogram for NTP 2014-2023 ligg det ikke TS-tiltak på strekninga Kinsarvik-Berget (Kyrkjeneset). Tiltaket har forslag om finansiering på totalt 80 mill kr i perioden 2017-2023. Det ligg føre ny reguleringsplan som har vore gjennom utvalet i heradet nyleg. Føresatt vedteken plan, og løyving i statsbudsjettet for 2017, «kan» det vera mogeleg å starta opp ultimo 2017, primo 2018 her.

NTP er som kjent under rullering. I tidleg versjon av innspel tek ein høgde for å spele inn tiltak på Rv.13 på strekninga Kyrkjeneset-Ringøy til komande handlingsplan i NTP.

Det ligg elles føre godkjent reguleringsplan for Kvitur/Tyssedal-Odda ift skredsikring. Tiltaket er plassert i siste del av handlingsprogrammet for 2014-2023. Utover dette er ingen planlagte tiltak på Rv.13 Bu-Odda utover generelt vedlikehald.

Når det gjeld lysregulering ved Berget har dette tidlegare vore oppe til vurdering – og avvist. Statens vegvesen har no vald å gjere ei ny vurdering. Denne er under arbeid, og det er ikkje konkludert på om det skal etablerast lysregulering, og eventuelt om denne skal vera permanent eller om det skal gjerast eit forsøk med eit mobilt lysreguleringsanlegg komande sommarsesong. Det vil koma avklaring på det i nær framtid.